

Saksbehandlar: Lisbeth Bringebøen, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/3116-1

INU-FSF - Handlingsplan 2014 og årsrapport 2013

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner årsrapporten for 2013 frå den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga for kommunane Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF).
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner handlingsplanen til INU-FSF for 2014.
- 3 INU-FSF får 30 mill. kr til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gir betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping.
- 4 Styret i INU-FSF kan ikkje legge opp til økonomisk støtte av prosjekt over fleire år då 2014 er siste året av kompensasjonsordninga.
- 5 Innovasjon Noreg får kr 8 mill. til bedriftsretta tiltak.
- 6 Styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen får 4 mill. kr til oppfølgingsarbeidet av reiselivsplanen.
- 7 Det vert sett av 1 mill. kr til administrasjon av midlane. Dette er kr 300 000 til fylkeskommunen, og kr 700 000 vert forvalta av NHO.
- 8 Midlane skal forvaltast etter same regelverk som midlar disponible for hovudutval for plan og næring.
- 9 Fylkesdirektøren får fullmakt til å utforme tildelingsbrevet til styret for INU-FSF, Innovasjon Noreg og styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen for 2014. Fylkesdirektøren får og fullmakt til å forvalte midlane sett av til administrasjon av ordninga.

Vedlegg:

Årsrapport for 2013
Handlingsplan for 2014
Årsmøteprotokoll 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Tildelingsbrev frå KMD for 2014 – statsbudsjettet kap. 551 post 61

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Denne saka gjev greie for og vurderer handlingsplanen for 2014 til den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF). I saka vert og årsrapporten for 2013 lagt fram med vurdering.

2. Bakgrunn for saka

ESA godkjende 19. juli 2006 regjeringa sitt forslag om innføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift frå og med 1. januar 2007. Dette betydde at store delar av landet fekk innført ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift, med same takst som i 2003.

Ordninga gjev ei årleg overføring frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) over kap 551. post 61 som kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Førde, Sogndal og Flora til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkeskommunen har motteke kompensasjonsmidlar for 2014. Det er varsla ei omlegging av ordninga, og at det vil verte endringar frå 2015.

Historikk - tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjende vedtekter for INU-FSF i fylkestingsak 7/07. I saka vert forvaltninga av midlane gitt til styret i INU-FSF. Styret består av seks bedriftsrepresentantar frå berørte bedrifter, ordførarane i dei tre kommunane ordninga omfattar, og fylkeskommunen.

3. Årsrapport 2013

Fylket fekk i 2013 til saman 44 180 000 kroner over kap 551. post 61 i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift frå KRD. Av desse vart 16 millionar forvalta av fylkeskommunen og resterande vart forvalta av INU-styret.

INU-FSF mottok 31 søknader på til saman kroner 102 516 002. Av desse vart 16 søknader støtta med kr 29 060 000.

Fylkeskommunen handsama søknadane ut frå retningsliner frå KRD, EØS og handlingsplanen til INU-FSF for 2013 og INU-styret fatta endeleg vedtak.

Fylkeskommunen handsama søknadar frå Flora Hamn KF, Styringsgruppa for reiseliv, Innovasjon Norge og fylkeskommunen (Campus Fosshaugane) direkte. Innovasjon Norge og Styringsgruppa for reiseliv vart gitt fullmakt til å forvalte INU-midlane i samsvar med vilkår gitt av hovudutvalet for plan og næring og tildelingsbrev frå administrasjonen.

Fylkeskommunen handsama også dei resterande søknadene til ordninga, og desse vert lagt fram til INU-FSF styret for vedtak.

Løyvingar 2013

Søkjjar	Prosjekttittel	Tilskot
Sogndal Kommune	Sentrumsutvikling	1500000
	Fjordvarme	1000000
Jølster Skisenter	Jølster Skisenter	1000000
Førde Industri og Næringsssamskipnad	Forprosjekt Førde Storhall	500000
Førde Kommune	Tettstadutforming Førde	3000000
Flora Kommune	Søknad på tildeling av midlar frå INU-FSF 2013	3000000
	Folk i sentrum-oppfølging av sentrumsplanen 2013	750000
Fram Flora	Søknad om midlar til industriinkubator	860000
Maritim Foreining Sogn og Fjordane	Supply Chain Network Sogn og Fjordane	850000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	Delfinansiering av SIVA sitt forsterka inkubatorprogram	3700000
SFE Nett AS	Elkraft/energiutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fj	4500000
Høgskulen i Bergen	Subsea Bachelorutdanning i Florø	2500000
Helse Førde	Fjordometrics	400 000
Opplæringskontoret for transport og logistikk	Køysesimulator	500000
Førde Idrettslag	Hafstadparken	3000000
HSF	Fornybar energi, innovasjon og utvikling	1900000
Saker i handlingsplanen som FK handsamar		
Reiseliv		4000000
Regionhamn Sunnfjord		5000000
Campus Trimbaneanlegg		2000000
Innovasjon Norge		5000000
Avsett i handlingsplanen i tillegg:		
Evalueringsprosjekt INU		100000
Adm/styre/klage		900000
Totalt midlar løyvd i 2013		45960000
Midlar til rådighet 2013		45577130
Overforbruk (dekka inn med renteinntekter)		382870

4. Handlingsplan 2014

2014 er siste året av kompensasjonsordninga, og det vil verte endringar frå 2015.

Refusjonen i 2014 er 43 mill. kr.

Målet for bruk av INU-midlar er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/næringsverksemd, med hovudfokus i dei tre råka kommunane.

Midlane skal bidra til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gjev betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping.

I handlingsplanen for 2014 er det lagt vekt på å samordne prioriteringane med det fylkeskommunale arbeidet knytt til utforming av Verdiskapingsplanen. Styret vedtok å prioritere seks områder:

Fornybar Energi

INU-FSF vil i 2014 prioritere prosjekt innan fornybar energi, knytt til både kompetanseutvikling, utvikling av infrastruktur og bedriftsretta tiltak via Innovasjon Norge.

Innovasjon / Nyskaping / FoU

INU-FSF vil også i 2014 prioritere søknader knytt til inkubasjon i regi av inkubatorordningane i fylket, gründer-/nyskappingsarbeid gjennom Innovasjon Norge og søknader frå prosjekt/verksemdar som på andre måtar bidreg til nyskaping.

Reiseliv/Kulturbaserte næringer

I 2014 ynskjer INU-FSF å holde fram med reiselivssatsing i regi av fylkeskommunen og styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen. Midlane vert forvalta direkte av fylkeskommunen, men det skal rapporterast til INU-FSF om bruken av midlane.

Ramme for løyving til søknadar innan Reiseliv er sett til 4 mill kroner i 2014.

Infrastruktur / Tettstadsutvikling

INU-FSF set av midlar til tettstadsutvikling i kommunane Førde, Sogndal og Flora i 2014 med følgjande fordeling:

Førde: kr 3 mill pr år

Flora: kr. 3 mill pr år

Sogndal: Kr 1.5 mill pr år

Utover dette vil INU-FSF spesielt prioritere startfinansiering knytt til næringsretta infrastruktur, der det planlagde industriområdet i indre Sunnfjord og andre industriområder som kan utgjere eit potensial for vidare utvikling vert tillagt spesiell vekt.

Kompetanseutvikling

INU-FSF vil i 2014 prioritere finansiering av bachelor-studium innan sub-sea teknologi, men slik at dette ikkje utgjere ei avgrensing av virkemiddelbruken til kun dette tiltaket. Førebuing til studium for byggingeniør er nemnt som aktuelt tiltak.

Bedriftsretta tiltak

8 mill NOK av totalramma for 2014 vert sett av til bedriftsretta tiltak, der midlane vert forvalta av Innovasjon Norge. Midlane er øyremerkte verksemdar i Førde, Flora og Sogndal, der dei råka verksemdene i desse kommunane skal gjevast prioritet.

Innovasjon Norge skal rapportere bruken av midlane til INU-FSF.

5. Vurdering av årsrapporten for 2013

Fylkesdirektøren vurderer aktiviteten i INU-FSF 2013 til å vere i samsvar med handlingsplanen for 2013 og tildelingsbrevet frå fylkeskommunen for året.

Midlane vart lyst ut gjennom www.regionalforvaltning.no i tråd med retningslinjer frå KMD.

2013 var første året der fylkeskommunen stod for all sakshandsaming med unntak av dei bedriftsretta søknadene som vart handsama av Innovasjon Norge. INU-styret v/NHO hadde sekretariatsrollen. Ordninga fungerte fint.

Det er for tidleg å sjå resultat av midlane som vart gitt til ulike prosjekt, då prosjekta ikkje er avslutta.

6. Vurdering av handlingsplanen for 2014

Handlingsplanen er ein retningsgjevande plan og midlane for 2014 skal lysast ut i regionalforvaltning.no i tråd med retningslinjer frå KMD.

Nytt i handlingsplanen for 2014 er at det ikkje er sett av konkrete beløp til gitte søkjarar, såkalla bundne midlar, slik som tidlegare år. Det vert i 2014 lagt opp til å fullfinansiere prosjekt i søkjeåret, og ikkje legge til grunn INU-FSF finansiering over fleire år til det same prosjektet. Dette fordi ordninga er usikker framover. Det er ikkje ønskeleg å spreie midlane over for mange små prosjekt.

Det er ikkje er lagt opp til ei prioritering av støttesats innan dei seks ulike satingssområda Fornybar energi, innovasjon / Nyskaping / FoU, Reiseliv / Kulturbaserte næringar, Infrastruktur / Tettstadutvikling, Kompetanseutvikling og Bedriftsretta tiltak. Dermed kan INU-styret i større grad prioritere dei beste initiativa og løfte fram nyskapande prosjekt og tiltak.

7. Tilråding

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvaler for plan og næring til å godkjenne årsrapporten for 2013 og handlingsplanen for 2014.